



Medlemmane i SU v/Ostereidet barneskule

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1984 - 15/9057

Saksbehandlar:

Edith K Stusdal

Edith.Stusdal@lindas.kommune.no

Dato:

21.04.2015

## Referat frå SU-møte 20.04.15

Til stades: Ane Hågensen (FAU), Bente Merete Hølleland (FAU), Gullborg Tresnes (andre tilsette), Margunn Romarheim (lærarane), Sveinung Toft (Lindås kommune), Edith Stusdal (fung.rektor).

### Sak 13/2014-15

#### Godkjenning av

- a) Innkalling – Godkjent
- b) Saksliste – Godkjent
- c) Referat frå møte 01.12.14 – Godkjent

### Sak 14/2014-15

#### Orientering frå skulen

- Vellukka 10-års markering av skulen 14. april: Ordførar var til stades og gav ei gåve på 5000 kr til Elevråd som skal brukast til noko som kjem alle elvane til gode. Gåve frå personalet var ei bålpanne.  
Dagen vart markert med mellom anna brus, hotdog og kaker til alle, ulike aktivitetar og hoppemadrass i gymsal. Begge lokalavisene var til stades.
- Mattedag 29. april for alle klassar.
- Førskuledagar 13. og 27. mai.
- Open skule vert 3. eller 10. juni. Fortrinnsvis 10. juni.

### Sak 15/2014-15

#### Arbeidet med læringsmiljø

Skulen følgjer retningslinjene for §9A. Denne ligg ute på heimesida til skulen under namnet: Retningslinjer for Systematisk arbeid med elevane sitt skulemiljø.

### Sak 16/2014-15

#### Ressurssituasjonen ved skulen 2015-2016

Einingsleiar har signalisert at vi får 13.7 årsverk lærarstillingar. Dette er ein auke på vel eitt årsverk.

### Sak 17/2014-15

#### Kommunedelplan for skule

Dersom kommunen vedtek å leggje ned andre skular ønskjer vi elevane frå desse skulane velkomen til Ostereidet, men på vilkår av at følgjande punkt vert utbetra og følgd opp:

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



- Skulen må byggjast ut med naudsynt areal for å ta i mot så mange elevar (sjå kommunedelplan s.25).
- Utearealet må utvidast vesentleg rundt skulen.
- Det er heilt naudsynt å få på plass godkjent reguleringsplan før ein kan utvida skulen med meir uteareal og byggjeareal.
- Vegtilkomsten til skuleområdet må sikrast og utbetrast vesentleg.
- Det må etablerast mange fleire parkeringsplassar i området.
- Fortau ned Lindsdalen frå senterområdet må vera sikra gjennomført.
- SU ber om at representantar frå FAU/SU ved barneskulen på Ostereidet får delta i ei referansegruppe om det vert starta opp eit forprosjekt for vurdering av ny skulestruktur.
- Idrettsbygget med gymsal må utvidast. Ei interessegruppe har allereie starta opp planleggingsarbeid for å få bygd ei Storstove der Idrettsbygget no ligg. SU ber om at dette vert teke med i planane for utviding av skulen.
- SU peikar på at det er svært viktig å få behalda Ostereidet ungdomskule der den ligg i dag, for å kunne oppretthalda kvaliteten i oppvekstmiljøet i denne delen av kommunen. SU viser i denne samanheng til kommunedelplanen der Ostereidet er omtalt som eitt av tre kommunesenter, og alt som er bygd opp av infrastruktur, idrettsbane m.m. rundt ungdomskulen.

#### **Sal 18 /2014-15**

##### **Grillhytta**

Det vart diskutert litt rundt storleik og behov for å undersøkje kostnader. Grillhytta bør ha plass til om lag 25 personar. Vi vil undersøkje om kommunen har teikningar, og ber så rektor ta planane vidare til eigedom.

#### **Sak 19/2014-15**

##### **Eventuelt**

Det vart orientert om at Utegruppa arbeider for at sykkelbana ved sida av kunstgrasbana vert rusta opp. Det er også sett i gang drøftingar for å få bygd ei Storstove der Idrettsbygget er plassert i dag.

Med helsing

Edith K Stusdal  
inspektør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Medlemmane i SU v/Ostereidet  
barneskule